



NVE
V/Tonje Aars Grønbech

Att.:

Deres ref.:

Vår ref.:

30. juni 2014

Aktuelle landbruksfaglege utfordringar i samband med eventuell kraftutbygging i Haugamork kraftverk.

På vegne av grunneigarane rundt kraftutbygging i Haugamork kraftverk har Kjetil Ravndal tatt kontakt med Norsk Landbruksrådgiving Rogaland (NLR Rogaland) for å vurdere konsekvensar ved endring av vassstanden i elva.

I samband med vurderinga har ein vore i kontakt med alle gardsbruk som grenser til dette området. På bakgrunn av vårt kjennskap til dette landbruksområdet, er det utforma kommentarar og faglege konsekvensar ved eventuell sterkare reduksjon av vassføringa i området.

Juridiske forhold mellom grunneigar og utbyggjar, og avtalar om eventuelle kostnader for vedlikehald av landskapet og gjerdehald, er ikkje tatt med i denne vurderinga. I tillegg må ein sikra tilstrekkeleg vassforsyning til dyra, og at grunneigarane får tilstrekkeleg kompensasjon for eventuelle avgrensingar i noverande drift og produksjon.

Bakgrunn

Det aktuelle landbruksområdet strekker seg frå Madlandsvatnet og ned til Oltedalsvatnet. Om lag 15 gardbrukarar grenser til vassdraget med allsidig husdyrhald, ungdyr, mjølkeproduksjon og sau og lam. Noko av landbruksarealet består av fulldyrka jord medan ein stor del er gode kulturbeite.

Lyse har fallrettigheter i frå 1907, og vurderer å utnytta vassdraget til større energiuttak. Minste vassføring er sett til ca. 330 l/sek i månadane mai, juni, juli og august. Resten av året ca. 250 l/sek. Vassdraget er ikkje tørrlagt nokon gong gjennom året.

Praktiske konsekvensar for landbruket

Det er som alt nemnt eit særskilt aktivt landbruk i området. Stort beitetrykk av både sau, lam og storfe.

Heile landskapsområdet frå Oltedalsvatnet opp til Madlandsvatnet er i dag definert som «ekstra vakkert kulturlandskap». Her spelar mellom anna aktivt beitetrykk av sau og lam ei viktig rolle ved stell av kulturlandskapet.

Låg vassføring vil vera ei stor utfordring med omsyn til gjerdehold. Også i dag kan elva bli kryssa med dyr frå den eine sida av elva til den andre ved særskild låg vassføring. Dette problemet vil bli større med ny ekstrem låg vassføring. Dette fører mellom anna til blanding av dyr, og med det ekstra arbeid og gjerdehold for å halda dyra frå kvarandre.

Grunneigarane har i dag laga gjerde ned til elva, og det praktiserast beiting ned til elvekanten.

Ved så sterk reduksjon av vassføringa må store deler av elva gjerdast på langs på begge sider av elvekanten.

Erfaring frå mellom anna utløpet av Oltedalsvatnet har vist at ved så sterk reduksjon av vassføring i elva vil elveløpet raskt gro til av ugras, busk og kratt. (Geiterams, tistelartar, høymolsyre osv.)

Vasskvaliteten

Aktiv landbruksdrift vil naturleg nok tilføra næringsstoff til vassdraget. Ein reduksjon av gjeldande vassføring på ca. 84 % vil føra til auka næringsstoffkonsentrasjon i elvevatnet. Redusert tilgang av drikkevatn til dyra og lengre opphaldstid i elva vil og kunna føra til auka ureining av gjødsel frå dyra. Lågare vassføring vil vera ei potensiell smittekjelde, og kunna føra til sjukdom på dyr.

I lys av vassdirektivet kan ein som gardbrukar i dette området bli pålagt omlegging i drifta, og få restriksjonar i bruk og utnytting av landbruksareala. Ein sterk reduksjon i framtidig landbruksdrift kan resultera i reduserte inntekter for næringa.

Med vennleg helsing

Norsk Landbruksrådgiving Rogaland



Ragnvald Gramstad
seniorrådgiver